

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Frank Kvinge	FA - C00, FE - 223	17/79

Saknr	Utval	Type	Dato
015/2017	Formannskapet	PS	09.02.2017

### Kulturtiltaksmidler 2017

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

##### Framlegg til vedtak

Basert på søknadane og vedlagte budsjett innstiller rådmannen på at tilskotssummen på kr 100 000 vert fordelt slik:

Søkjjar	Tiltak	Dato	Budsjett	Søknadssum	Tilskot
Stordalen fjellstove	StordalenFjellFestival	16.-18.06	310 000	70 000	50 000
Masfjordnes pensjonistlag	Kulturprogram, vårfest	21.04	30 000	10 000	5 000
Bjørn West IL	Bjørn West triatlon	19.08	43 000	30 000	10 000
Fjon UIL/ Fjon musikklag	Mosjonsarrangement	September	15 000		5 000
Risnes IL	Sleirsfjellet opp inkl konsert	03. og 05.06	198 000	50 000**	25 000
Masfjord fotballag	Fotballturnering, TINE-turnering og reiser til turneringar	Påske-august		32500/10 000*	5 000
<b>SUM</b>			<b>596 000</b>	<b>192 500</b>	<b>100 000</b>

Masfjorden kommune kan hjelpe til med marknadsføring av arrangementa gjennom «Kommunal informasjon» i lokalavisa.

Tilskot blir utbetalt når tiltak er gjennomført, og økonomisk oversyn ligg føre.

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn/ Fakta

I formannskapsmøte 18.11.2014 vart Kraftspela lagt ned. Kraftspela vart etablert i 2005 og gjekk i kommunal regi. Som erstatning for Kraftspela ønskte formannskapet å stimulera lokalt næringsliv, lagsliv og andre aktørar til å stå som kulturarrangør, slik at ein i kommunen framleis kunne tilby varierte og gode kulturopplevingar. For 2015 vart det sett av kr 150 000 der arrangørar kunne søkja

kommunal medfinansiering til slike tiltak gjennom kraftfondbudsjettet .  
For 2017 er denne summen kr 100 000.

Kulturtiltaksmidlane for 2017 vart kunngjort på kommunen si heimeside 18.01.2017. Då fristen for å søkja gjekk ut 31.januar var det kome inn seks søknader:

**Stordalen Fjell Festival v/ Bjørnar Vik** søker kr 70 000 i støtte til festivalen som går av stabelen 16.-18. juni 2017.

Festivalen vart arrangert første gang i 2015 og vidareført i 2016. Festivalen oppsto som eit konkret tiltak av at Kraftspela vart lagt ned. Arrangør er Stordalen fjellstove AS.

Tilbakemeldingar frå publikum tyder på at dei to festivalane har vore svært vellukka. Begge åra har arrangøren kome ut med eit mindre overskot. Dugnadsinnsatsen har vore stor både frå eigarar og velvillige forbindelsar.

Festivalprogrammet er ikkje fastlagt enno, men arrangøren legg opp til mellom anna

- alkoholfritt ungdomsarrangement fredag kveld ( fjellstova)
- konsert, show og dans laurdag kveld ( festivalteltet)
- ymse underhaldning og aktivitetar laurdag og søndag på dagtid ( i fjellstova, festivalteltet og utandørs)

Festivalen fekk i 2015 kr 50 000 i tilskot frå kommunen, og i 2016 kr 70 000.

For 2017 ønskjer arrangøren å vidareutvikla programsatsinga frå tidlegare år. Festivalen har eit stipulert budsjett på kr 326 000 og eit stipulert overskot på kr 16 000. Utan tilskot frå kommunen vil festivalen ikkje vera gjennomførbar økonomisk.

**Masfjordnes pensjonistlag v/ Lovisa Midtbø** søker kr 10 000 i støtte til kulturprogram i samband med den årlege vårfesten 21.april.

Det er tre pensjonistlag i kommunen. Desse har etablert eit samarbeid om ei felles tilstelling kvar vår. Arrangementa har gått på omgang mellom laga og festen vert arrangert på samfunnshusa med kulturprogram, festmiddag og hyggeleg samvær. Det har vore god oppslutning om desse tilstellingane og det har vore ein viktig felles møteplass for seniorar frå heile kommunen.

Laget har denne gongen innhenta tilbod frå profesjonelle kulturkrefter av høg kvalitet der utgifter inkl honorar, reise og teknisk/lyd er kr 30 000. Tiltaket er tenkt fullfinansiert gjennom billettinntekter og andre tilskot.

**Bjørn West IL v/ Ståle Daae** søker kr 30 000 i tilskot til Bjørn West triatlon og aktivitetsdag 19.august 2017.

Bjørn West triatlon vert i 2017 arrangert for femte gang. Base for arrangementet er idrettsbana på Matre. Det er eit regionalt arrangement som trekkjer deltakarar frå Nordhordland , Gulen og Bergensområdet. Triatlon er lagt opp « light», dvs at distansane i dei tre disiplinane symjing, sykling og løp gjer konkurransen til ein flott innfallspport for dei som ønskjer å prøva triatlon, samstundes som utforming av løypa gjev meir røynde utøvarar nok utfordring.

For 2017 bli arrangementet utvida med aktivitetsdag på idrettsbana, hovudsakleg friidrettsaktivitetar for barn og unge.

Arrangementet har ei styringsgruppe på fem personar og ei gruppe på kring 20 personar som står for sjølve gjennomføringa.

Arrangementet er heilt avhengig av sponsorar. Laget budsjetterer med kr 30 000 i sponsorstøtte.

Investeringar i 2017 er skilt til sykkeltraseen, nye startnummervestar og symjehetter med startnummer. Budsjettet for arrangementet er kr 43 000.

**Fjon UIL v/ Atle Fjellby og Fjon musikklag v/ Klara Villanger** søker om støtte til å etablere mosjonsarrangement i september.

Arrangementet tek sikte på å ha varierte tilbod og å vera eit lågterskeltilbod der alle kan delta på ein eller annan måte, mellom anna

- Mosjonsløype med og utan tidtaking
- Nedoverbakkelop
- Barnevognløp
- Løype for menneske med funksjonsnedsetting
- O-løp for lag, der bedrifter, familiar, klassar, organisasjonar m fl kan danna lag og delta

I samband med arrangementet legg ein opp til ymse kulturinnslag. Målet er at tiltaket skal bli ei årleg tilstelling.

Arrangementet er i støypeskeia. Arrangøren har enno ikkje utarbeidd budsjett, men anslår at dei dette året vil ha utgifter kring kr 15000 til startnr, tidtaking, skilt, vakter og premiar.

**Sleirsfjellet opp v/ Tove Kristin Sleire Tistel** søker kr 30 000 i sponsorstøtte/ støtte til leige av tidtakarsystem til Sleirsfjellet opp, og kr 20 000 i støtte til konsert i samband med Sleirsfjellet opp. Arrangementet går av stabelen i pinsehelga.

Sleirsfjellet Opp er eit motbakkelop for alle og vart første gong arrangert i 2009. Motbakkelopet var det første i regionen og er det største idrettsarrangementet i Masfjorden ( og Gulen). Risnes IL er arrangør og har årleg over 25 frivillige med i arrangementet som samlar meir enn 300 mosjonistar og aktive til myldring og motbakkemoro.

Det er eit arrangement som ynskjer å ha fokus på folkehelse, vera ein årleg møteplass og arena som gjev glede, identitet, omdømme og verdiskaping for heile kommunen. Motbakkelopet vert arrangert 3.juni.

Arrangementet har eit budsjett på kr 133000. Arrangøren budsjetterer med 88 000 i sponsorinntekter, derav kr 30 000 frå Masfjorden kommune. I 2017 ønskjer arrangøren å ta steget opp frå manuell til profesjonell tidtaking gjennom Eqtiming tidtakarsystem. Dette vil gjera arrangementet sterkare i høve til påmelding, tidtaking, administrering og avvikling. Det kostar kr 27000 å leiga dette utstyret.

I 2014 og 2016 vart det i samarbeid med henholdsvis Kraftspela og kulturskulen arrangert konsert i samband med arrangementet. I 2017 planlegg arrangøren konsert med Sigrid Moldestad band i Frøyset kyrkje 2.pinsedag, 5.juni. Dette prosjektet er ikkje landa pr.dags dato.

Konserten har eit stipulert budsjett på kr 65 000. Utgiftene gjeld i hovudsak honorar og reise for artistar, og lyd&lysstyring. Det blir budsjettert med 160 billetter ( fullsett kyrkje) a kr 250 som gir inntekter på kr 40 000.

**Masfjord fotballag v/ John Torsvik** søker støtte til

- premiering på fotballarrangement på Matre i påsken kr 5000
- Tine fotballskule 2017 kr 5000
- Sommarturneringar for 9 aldersbestemte lag kr 22500

I tillegg etterlyser dei oppgjer for dugnadsinnsats i samband med Kraftspela 2014. \*\*\*

Søklar viser til det oppsvinget fotballaktiviteten har fått både kvantitativt og kvalitativt etter at ein fekk nytt dekke på fotballbana ved Matre skule. Klubben stiller no 10 lag i seriesystemet for Hordaland fotballkrets i tillegg til at laga deltek i sommarturneringar i Noreg/Danmark. Fleire lag

hevda seg i 2016 i toppen i sine klassar på fylkesnivå.  
Økonomisk har oppgraderinga av bana på Matre vore eit stort løft for laget.

TINE fotballskule går over to dagar der barn som ikkje er faste medlemmer i klubben også kan delta. Fotballarrangementet i påska er eit samarbeid mellom Masfjord fotballag og IL Bjørn West, og oppsto som eit resultat av nytt banedekke på Matre.

## Vurdering

Rådmannen finn det gledeleg at det er så stor interesse blant lag og bedrifter for å stella i stand gode kulturarrangement i kommunen.

Søknadane har spennvidde og presenterer tiltak som me veit vil gje varierte kulturopplevingar for alle. Dette var også ønskje og målet til formannskapet då tilskotsordninga vart etablert i 2015. I vedtaket vart det ikkje lagt føringar for kvar og når tiltaka skulle gjennomførast, og kor mange tiltak som kunne rekna med støtte. Det viktigaste var at ordninga skulle gje lokale aktørar inspirasjon og støtte til å gå i gang med nyskapande og spennande kulturarrangement i kommunen, og å utvikla eksisterande kulturarrangement.

- Tiltaka er ulike i omfang. Stordalen FjellFestival og Sleirsfjellet opp er dei største arrangementa med tanke på mangfald i program og budsjetttramme.
- Dei fleste tiltaka er knytt til etablerte arrangement/har vore gjennomført tidlegare. Mosjonsarrangementet kan bli ei nyskaping.
- Ein av søkjarane er privat næringsdrivande. Dei andre er friviljuge lag og organisasjonar.
- Søknadssummene varierer frå 22,5% til 70% av samla budsjett for tiltaket. Rådmannen meiner det er viktig at alle arrangørane også ser etter andre finansieringskjelder/sponsorar ( td Gjensidigestiftelsen, BKK) slik at inntektssida kan bli styrka frå fleire hald. Tilskotsportalen kan gje gode idear til kvar ein kan henta midlar.
- Tiltaka har god geografisk spreining i kommunen.
- Ser ein søknadane samla sett vil arrangementa gje gode idretts- og kulturtilbod til alle aldersgrupper.

\*Rådmannen legg til grunn at dei avsette midlane skal gå til arrangement i kommunen. Såleis fell tilskot til reiser og turneringar utanfor ordninga.

\*\*Rådmannen er også usikker på om det er rett å bruka av dei avsette midlane til leige av tidtakarsystem. Utover å gjera tidtakinga meir profesjonell har ikkje dette tiltaket nokon direkte kulturell funksjon, men vil muligens gjera arrangementet meir attraktivt for eliteløparar.

\*\*\*Uteståande krav frå tidlegare år vert handsama i eige sak.

## Konklusjon

Basert på søknadane og vedlagte budsjett innstiller rådmannen på at tilskotssummen på kr 100 000 vert fordelt slik:

Søkjær	Tiltak	Dato	Budsjett	Søknadssum	Tilskot
Stordalen fjellstove	StordalenFjellFestival	16.-18.06	310 000	70 000	50 000
Masfjordnes pensjonistlag	Kulturprogram, vårfest	21.04	30 000	10 000	5 000
Bjørn West IL	Bjørn West triatlon	19.08	43 000	30 000	10 000
Fjon UIL/ Fjon musikklag	Mosjonsarrangement	September	15 000		5 000
Risnes IL	Sleirsfjellet opp inkl konsert	03. og 05.06	198 000	50 000**	25 000
Masfjord fotballag	Fotballturnering, TINE-turnering og reiser til turneringar	Påske-august		32500/10 000*	5 000
<b>SUM</b>			<b>596 000</b>	<b>192 500</b>	<b>100 000</b>

Masfjorden kommune kan hjelpa til med marknadsføring av arrangementa gjennom «Kommunal informasjon» i lokalavisa.

Tilskot blir utbetalt når tiltak er gjennomført, og økonomisk oversyn ligg føre.

### Formannskapet - 015/2017

#### FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Torill Torsvik Størkeresen (Ap) gjorde framlegg om at tilskotet til Masfjorden pensjonistlag vert sett til kr 0 og at tilskotet til Risnes IL vert auka til kr 30 000

Framlegg til vedtak frå Ap vart samrøystes vedteke.

#### FS - vedtak:

##### Framlegg til vedtak

Basert på søknadane og vedlagte budsjett vedtek formannskapet at tilskotssummen på kr 100 000 vert fordelt slik:

Søkjær	Tiltak	Dato	Budsjett	Søknadssum	Tilskot
Stordalen fjellstove	StordalenFjellFestival	16.-18.06	310 000	70 000	50 000
Masfjordnes pensjonistlag	Kulturprogram, vårfest	21.04	30 000	10 000	0
Bjørn West IL	Bjørn West triatlon	19.08	43 000	30 000	10 000
Fjon UIL/ Fjon musikklag	Mosjonsarrangement	September	15 000		5 000
Risnes IL	Sleirsfjellet opp inkl konsert	03. og 05.06	198 000	50 000**	30 000
Masfjord fotballag	Fotballturnering, TINE-turnering og reiser til turneringar	Påske-august		32500/10 000*	5 000

<b>SUM</b>			<b>596 000</b>	<b>192 500</b>	<b>100 000</b>
------------	--	--	----------------	----------------	----------------

Masfjorden kommune kan hjelpe til med marknadføring av arrangementa gjennom «Kommunal informasjon» i lokalavisa.

Tilskot blir utbetalt når tiltak er gjennomført, og økonomisk oversyn ligg føre.